

Årsmelding 2020

# 4H Norge





◀ *Endeleg kunne medlemmane i Toso 4H, Harestua 4H og Grane 4H kjenne på den gode leirkjensla då det blei mogleg å arrangere koronetrygg, lokal klubbleir.*

*Foto: Monica Kornum*

# Det heilt spesielle året

2020 vart eit forskjellig år på mange måtar. Frå årsskifte hadde vi ein medlemsvekst vi ikkje har sett maken til. Endeleg så vi at medlemstalet steig, og motivasjonen knytt til verving og aktivitetar var på topp. Så stengde landet ned, og sentralstyret og landsstyret måtte ta store grep. I løpet av få veker tok vi viktige avgjerder om å følgje alle nasjonale smittevernråd for å hindre spreiding av Covid-19. Vi laga egne nasjonale reglar for 4H-aktivitet over heile landet og vi måtte dessverre avlyse landsleiren i Bodø, som vi hadde gledd oss til i lang tid. Samstundes sette ein ivrig gjeng tilsette i gang med planlegging og regi for digitale korona-aktivitetar. Heile landet vart med, og frivillige arrangerte digitale nasjonale klubbkveldar og samlingar, med god hjelp og tilrettelegging frå dei tilsette. Det var frydefullt å sjå korleis vi i ei tøff tid spelar på lag. På kort tid fekk vi til store nettarrangement og håp for fellesskap og sosialt påfyll i ein svært krevjande og spesiell tid. Ein stor honnør til alle som bidrog i dette.

Ei hyggeleg hending i 2020 var ein ny audiens hos vår høge beskyttar H.K.H. Kronprins Haakon. Kronprinsen har deltatt på arrangement og vi har hatt fleire audiensar, dei siste åra. Han kjenner organisasjonen godt og er imponert over korleis vi gjennom aktivitetane våre skaper eit godt, trygt og inkluderande fellesskap, og skapar eit sterkt engasjement for natur, miljø og menneske, som samfunnet vårt treng. Sentralstyret opplever samtalan med Kronprinsen som gode og motiverande, og dei gjer oss verdifull kunnskap om born, unge, inkludering og menneskeverd.

Sjølv om det var eit helt spesielt år, var det likevel mange av oss som sov under open himmel i mai – saman, men kvar for oss. Vi gleder oss til endeleg å kunna sove saman under open himmel, og spesielt gleder vi oss til å dra på leir. Det er berre å byrja og glede seg til landsleir i Sogn og Fjordane på Vestlandet sommaren 2022. Vi gleder oss stort.


Til sist vil eg gje leirkomiteen for landsleiren i Bodø ein stor takk for alt planleggingsarbeidet som blei gjort i samband med tidenes nordlandsoppleving sommaren 2020. Vi kunne dessverre ikkje gjennomføre leiren, men komiteen gjorde ein flott jobb og engasjerte oss andre med glede for opplevingar i nord. Og kven veit; det er mange av oss som kjem oppover på Norgesferie denne sommaren. Kanskje vi sjåast?

*Siri Nyhus*

Styrelsiar 4H Norge



Foto: Beate Patay



*Himmelsk med hjortejakt og hengekøye. Sindre Årskog (18) set pris på naturen. Med jakt og friluftsliv som 4H-prosjekt har det vorte mange minnerike opplevingar i fjellet, skogen og på vatnet.*

# INNHALD

Leiar.....	3
Representasjon 2020 .....	6
Strategi	
Større.....	8
Smartare.....	12
Synlegare .....	16
Nasjonale prosjekt/friluftsliv .....	18
Digital audiens og beskyttarskap.....	20
Korona - anneleisåret .....	22
Organisasjonsbygging .....	24
Mat og naturbruk .....	24
Organisasjon .....	26
Landsmøte 2020.....	34
Internasjonalt.....	36
Administrasjon .....	38



Foto: Sindre Arskog

# 2020

## Æresmedlemmar

Martin Stavrum, Kristen Bartnes, Lars Aamodt, Leiv Sølvyberg, Eivind Mjærum, Jorit Bratteng Aanes, Kari Heggelund og Ola Cato Lie.

## Tildelte æresdiplom

Desse fekk tildelt æresdiplom i 2020:

Karen Marie Ramleth (4H Agder), Oddveig Pedersen Moen (4H Buskerud), Jorid Jakobsen (4H Finnmark), Liv Narjord (4H Hedmark), Monica Aschim Kornum (4H Oppland), Ruth Edel Kvandalsvoll Kvålshagen (4H Oppland), Helen Halbrend (4H Sogn og Fjordane), Anita Halbrend (4H Sogn og Fjordane), Erlend Brekke (4H Sogn og Fjordane), Aslaug Bøtun (4H Sogn og Fjordane) og Kari Anne Meisen (4H Sogn og Fjordane).

## Ordførar i landsmøtet

**Ordførar:** Simen Saxebo (4H Østfold)

**Varaordførar:** Thor Christian Grosås (4H Akershus og Oslo)



Gjennom styrevervkurs lærer 4H-arane å drifte sin eigen 4H-klubb. På desse kursa treff dei andre 4H-arar frå sitt område, og har mykje leik og moro i tillegg til organisasjonsopplæringa.

## Sentralstyret 2018/2020

**Styrelaiar:** Siri Myhre (4H Vestfold)

### Sentralstyremedlemmar valt på landsmøtet 2018:

Torgeir Timenes Bell, nestleiar (4H Sogn og Fjordane)  
Helle Formo Hartz (4H Buskerud)  
Martin Holmen (4H Hedmark)  
Torbjørn Joa (4H Rogaland)  
Vilde-Alida Nilsen (4H Troms)

**1. varamedlem:** Raymond Kirknes (4H Agder)

**2. varamedlem:** Siri Lunde Heggebø (4H Akershus og Oslo)

**3. varamedlem:** Astrid Wehn (4H Trøndelag)

**Tilsettere representant:** Turi Elise Kaus, Beate Johansen (vara)

**Norske 4H-alumnar sin representant i styret:** Jørgen Vaaden

**4H-gård Norge sin representant i styret:** Ole Mathis Opstad Kruse

## Sentralstyret 2020/2022

**Styreløiar:** Siri Myhre (4H Vestfold)

### Sentralstyremedlemmar valt på landsmøtet 2020:

Martin Holmen (nestleiar) (4H Hedmark)

Helle Formo Hartz (4H Buskerud)

Andreas Ølvestveit (4H Hordaland)

Andrine Jensen Fossum (4H Østfold)

Jens Håkon Birkeland (4H Hordaland)

**1. varamedlem:** Torgeir Timenes Bell

(4H Sogn og Fjordane)

**2. varamedlem:** Raymond Kirknes (4H Agder)

**3. varamedlem:** Astrid Wehn (4H Trøndelag)

**Tilsettere representant:** Turi Elise Kaus,

Irene Pande (vara)

### Norske 4H-alumnar sin representant i styret:

Emil Barstad

### 4H-gård Norge sin representant i styret:

Ole Mathis Opstad Kruse

## Landsstyret

Frå landsmøtet 2018 har vi hatt eit landsstyre bestående av sentralstyret, fylkesstyreløiarane, 4H-gård Norge og Norske 4H-alumnar. I 2020 hadde landsstyret eit ekstraordinært landsstyremøte med fokus på handtering av koronasituasjonen og eit ordinært møte. Det planlagde landsstyremøtet på hausten vart avlyst grunna korona.

Styreløiar Siri Myhre er sentralstyret sin leiar.

## Landsmøtet

Landsmøtet er 4H Norge sitt høgaste organ og blir avhalde annakvart år. I 2020 vart landsmøtet først fastsett til juli, men vart seinare flytta til 18.–20. september på Gardermoen, der landsmøtet vart gjennomført med strenge smitteverntiltak mot Covid-19. Landsmøtet hadde 80 deltakarar og 48 stemmeføre. Det vart vedteke oppdatert strategi og mål for perioden fram til 2024.

## Medlemsorganisasjonar

Noregs Vel | Det norske Skogselskap | Noregs Bonde- lag | Noregs Skogeierforbund | Noregs Bygdekvinne- lag | Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Noregs Jeger- og Fiskerforbund.

## Samarbeidsorganisasjonar

Landbruks- og matdepartementet | Norsk Landbruks- samvirke | Gartnerhallen SA | Geno SA | Gjensidige Forsikring ASA | Hoff SA, Honningcentralen | Landkreditt SA | Norsk Kjøttfeavlslag | Norsk Sau og Geit | Felleskjøp Agri | Norges Pelsdyrslag | Norsvin SA | Nortura BA | Tine SA | TYR | Norsk Landbruksrådgivning | Norsk Friluftsliv | Rural Youth Europe | 4H the Gambia | Landsrådet for Noregs borne- og ungdomsorganisasjonar | Frivillighet Norge | Av-og-til | Det Norske Hageselskap | Noregs Bygdeung- domslag | Statsforvaltarens landbruksavdelingar og fylkes-kommunane.

## Styret i Norske 4H-alumnar (N4HA)

**Leiar:** Silje-Merethe Wold

**Nestleiar:** Emil Barstad

**Kasserar:** Jonas Øisund

**Sekretær:** Sofie Hamre

**Styremedlem:** Rut Sandnes Vold

**Styremedlem:** Trond Sandstad Sletvold

**PR-ansvarleg:** Martha Knapp

**1. varamedlem:** Lina Marie Toven Malmedal

Styret vart valt på N4HA sitt årsmøte i juli 2020.

## Styret i 4H-gård Norge

**Leiar:** Jessica Kennedy-Barlaup

**Styremedlem:** Eirin Ingeborg Bjune

**Styremedlem:** Sigurd Årskaug

**Styremedlem:** Heidi Tønnesen

**Styremedlem oppnemnd av sentralstyret:**

Ole Mathis Kruse

**1. vara:** Olaug Olsen, Givær 4H-gård

**2. vara:** Ellen Skauen Ruud, Skauen 4H-gård

Styret blei valt på 4H-gård Norge sitt årsmøte

1. februar 2020.



*4H skal verte større med fleire medlemmar  
og større deltaking på arrangement i heile landet.*

# Strategi for 4H Norge 2018–2024

## Større

### Verving

Det vart gjennomført eit målretta og strategisk arbeid for at fleire born og unge skal få kjennskap til høve for ei sosial, aktiv, lærerik og morosam fritid i 4H. Det vart lagt til rette for verving i klubbar og fylkeslag, mellom anna ved å utvikle verve- og informasjonsmateriell og profileringsutstyr. For å bygge ein kultur for verving vart det delt vervetips og vervetoppar, gjennomført vervekonkurransar og det har vore verveopplæring på styrevervskurs.

### Verveperiodar

I samanheng med utsending av kontingentfaktura for året, vart det jobba med gjenverving av fjorårets medlemmar i februar og mars. Godt vervearbeid i heile organisasjonen såg an til å gje gode resultat på medlemstalet i 2020, samanlikna med tidlegare år. Dessverre ramma pandemien oss. I mai og juni vart klubbane oppfordra til å vise seg fram i lokalmedia og lokalsamfunnet, og dei vart tilbudd profileringsartiklar i forkant. I august og september verva klubbane ved skulestart og fylkeslaga vart oppfordra til å starte klubbar. I november og desember vart årets

største vervekampanje gjennomført. På grunn av koronasituasjonen vart det vanskeleg å invitere til opne arrangement. I staden vart det oppfordra til individuell verving. Alle medlemmar fekk tilsendt vervekort og verveplakatar via medlemsbladet AKTIVITET. I same periode fekk alle som verva ein vervepremie og alle nye medlemmar fekk velkomstgåve.

### Aktivitet

God aktivitet er viktig for å vere ein stor og attraktiv organisasjon. Mellom anna har 4H-arar vanlegvis hatt høve til å delta på kurs, leirar og volleyballturningar. Dessverre har ein del av aktivitetane i 2020 vorte avlyst eller gjennomført på alternative måtar grunna koronasituasjonen. Mellom anna vart landsleiren i Bodø i Nordland avlyst grunna smitterestriksjonar.

### Kløvermedlem

Som ein del av satsinga på å bli større, er det gjennomført ekstra tiltak for å gjere kløvermedlemskapet meir attraktivt. Kløvermedlemskap er eit rekrutteringsmedlemskap for born mellom fire og ni år. I tillegg til medlemsblad, velkomstgåve og invitasjon til opne arrangement, vart det utvikla eit aktivitetshefte spesielt retta mot kløvermedlemmar.





*Gjennom å gjere, lærer man. På sopptur er det viktig å skilje mellom dei ulike sortane. 4H Agder arrangerte sopptur for 4H-arane, der dei, mellom anna, lærte nettopp det.*



Foto: Framsyn 4H

Framsyn 4H takka raskt ja, då kommunen spurte om dei ville plukke søppel og rydde langs vegen og i fjøra. Medlemmane var fornøgd med å kunne gjere ein innsats for miljøet og lokalsamfunnet, og samstundes få litt pengar i klubbkassa.



Foto: Toso 4H/Monica Kornum

Då koronapandemien sette ein stoppar for nasjonale og fylkesvise leirar, kasta Toso 4H seg rundt og skapte ein koronetrygg klubbleir saman med Harestua 4H og Grane 4H – alle tre klubbane frå Hadeland i Innland fylke.

# MEDLEMSTAL 2020

FYLKESNAMN	ALUMN	ARRANGEMENT	HOVUDMEDLEM	KLOVERMEDLEM	STØTTEMEDLEM	SØSKENMEDLEM	TOT. MEDLEMSTAL	KLUBBRÅDGIVARAR	TOT. INKL. KLUBBRÅDGIVARAR	TOT. MEDLEMSTAL	MEDLEMMAR UNDER 26 ÅR
4H Østfold	52		514	32	11	195	804	90	894	846	774
4H Akershus og Oslo	49		285	33	5	75	447	68	515	480	418
4H Hedmark	33	1	412	21	15	166	648	84	732	710	625
4H Oppland	52	1	248	27	25	84	437	64	501	514	400
4H Buskerud	48		511	34	9	174	776	97	873	822	742
4H Vestfold	88	1	325	30	7	117	568	74	642	555	525
4H Telemark	21	3	132	11	1	40	208	40	248	227	202
4H Agder	41		253	40	14	120	468	67	535	409	433
4H Rogaland	45		868	42	23	364	1 342	169	1 511	1 346	1 303
4H Hordaland	58		651	41	7	281	1 038	130	1 168	1 036	1 016
4H Sogn og Fjordane	96		772	45	10	388	1 311	206	1 517	1 419	1 265
4H Møre og Romsdal	63		350	46	7	133	599	127	726	584	568
4H Trøndelag	140		1 072	101	14	478	1 805	264	2 069	2 035	1 744
4H Nordland	42	73	113	52	8	27	315	42	357	330	285
4H Troms	15	1	73	24	2	41	156	49	205	213	151
4H Finnmark	15	8	40	39	12	8	122	30	152	134	97
4H IFYE	39						39		39	42	6
<b>Sum 2020</b>	<b>897</b>	<b>88</b>	<b>6 619</b>	<b>618</b>	<b>170</b>	<b>2 691</b>	<b>11 083</b>	<b>1 601</b>	<b>12 684</b>	<b>11 702</b>	<b>10 554</b>
Sum 2019	827	98	7 121	579	234	2 843	11 702	1 613	13 315		
Sum 2018	942	130	7 629	594	249	2 985	12 529	1 637	14 166		
Sum 2017	905	98	8 043	584	201	3 156	12 987	1 636	14 623		
Sum 2016	898	79	8 301	518	194	3 206	13 196	1 753	14 949		
Sum 2015	907	92	8 769	549	100	3 284	13 701	1 754	15 455		
Sum 2014	946	78	9 050	528	10	3 365	13 977	1 589	15 566		
Sum 2013	867	78	9 048	473	14	3 447	13 927	1 700	15 627		
<b>Endringar 2019-2020</b>	<b>70</b>	<b>-10</b>	<b>-502</b>	<b>39</b>	<b>-64</b>	<b>-152</b>	<b>-619</b>	<b>-12</b>	<b>-631</b>		



*4H skal jobbe smartare digitalt og utvikle rutinar og malar som gjer det enklare å vere medlem, tillitsvald og tilsett i 4H.*

## Smartare

I 2020 var det mogleg å gjennomføre 4H-prosjekt anten på gamlemåten med eit prosjektheft eller digitalt på prosjektplattforma. Totalt vart det gjennomført 6 465 4H-prosjekt. 3 835 av desse var digitale. Dette er ein nedgang på 27,4%, samanlikna med 2019. Årsaka til nedgangen er ein kombinasjon av effekten av korona og opprydding i samband med overgangen til nytt system for digitale 4H-prosjekt.

Dei mest populære prosjekta er knytt til 4H sin kjerneaktivitet innan landbruk og friluftsliv, men også helse og kultur. Dette speglast også i kva oppdrag som vert oftast valt i dei digitale prosjekta, der oppdrag om friluftsliv, dyrking og matlaging er mest populære.

Når ein har gjennomført sju godkjende prosjekt og 4H-år, får ein den høgaste utmerkinga i 4H: plaketten. I 2020 var det 488 nye plakettmottakarar.

### FORDELING AV 4H-PROSJEKT PÅ TEMA

FAGOMRÅDE	TAL
4H-arbeid	44
Aspirant	429
4H-arbeid (digitalt)	256
Dyr og gårdsliv (digitalt)	563
Entreprenørskap (digitalt)	61
Helse (digitalt)	643
Kultur (digitalt)	557
Natur (digitalt)	1274
Samfunn (digitalt)	190
Teknologi og mekking (digitalt)	291
Friluftsliv	400
Fritt val	101
Helse	92
Kosthold og mat	252
Kultur	411
Landbruk	434
Samfunn	400
Teknologi og mekking	67
<b>Totaltsum</b>	<b>6 465</b>

### 15 MEST POPULÆRE 4H-PROSJEKT

4H-PROSJEKT	TAL
Natur (digitalt)	1 274
Fritt val	940
Helse (digitalt)	643
Dyr og gårdsliv (digitalt)	563
Kultur (digitalt)	557
Aspirant	461
Teknologi og mekking (digitalt)	292
4H-arbeid (digitalt)	256
Samfunn (digitalt)	190
Friluftsliv	166
Baker'n	146
4H-fotografen	127
Aspirant, bokmål	100
Vi baker	84
Entreprenørskap (digitalt)	61
<b>Totaltsum</b>	<b>6 465</b>

*Dei prosjekta som har digitalt i parantes er gjennomført via prosjektplattforma.*



Foto: 4H Nordland/Grete Nytrøen Kvavik

Gjennom ulike kyst- og sjøaktiviteter har barn og ungdom fått spennende og lærerike opplevingar ved og på sjøen. Det vart i 2020 arrangert 160 ulike kyst- og sjøaktivitetar med over 2000 deltakarar.



Foto: Grashoppa 4H

Grashoppa 4H hadde fleire utemøter. Såleis kunne dei møtast og ha mange spennande aktivitetar - mellom anna med kajakk-padling, padlebrett og krokett.

# Digitale 4H-prosjekt

Prosjektplattforma gjer det lettare å dokumentere kva 4H-arar har lært gjennom året og legg til rette for at fleire kan samarbeide om same prosjekt. Oppdrag og oppdragsbanken skal gjere det endå morosamare å lære ved å gjere, og sikra at 4H-arane kan setja saman eit inspirerende prosjekt som passar den enkelte. Målet har vore å gjere 4H-prosjekta både meir tilgjengelege, meir pedagogiske og meir framtidsretta.

## 4H-prosjekt/digitalisering av 4H-prosjekta

Årleg gjennomfører 4H-arane eit 4H-prosjekt innanfor eit sjølvvalt tema, der målet er å lære ved å gjere. 4H-prosjekta har vore ein av pilarane i 4H og er ei viktig kjerne for dei lokale klubbaktivitetane. Fram til 2020 vart arbeid med prosjekta dokumentert i trykte prosjekthefte, der kvart hefte fordjupa seg innanfor eit spesielt tema. Etter fleire års arbeid og innspel frå medlemmar og klubbbrådgivarar vart dei nye digitale 4H-prosjekta lansert i februar 2020.

## No består 4H-prosjekta av to delar:


### Prosjektplattforma

der 4H-medlemmar planlegg og evaluerer prosjekta sine, samt dokumenterer det praktiske arbeidet gjennom bilete, video, tekst og andre multimedia.

### Oppdragsbanken

– som er fylt med inspirerende og praktiske aktivitetar innanfor åtte ulike fagområde, som 4H-arane kan gjennomføra i samband med sine prosjekt.

*Prosjektgruppa var ansvarleg for å utvikla den nye måten å gjere 4H-prosjekt på. Dei fekk god hjelp av framtidsambassadørane og framtidklubbane, det vil seie utvalde medlemmar og klubbar frå heile landet, som testa dei nye digitale 4H-prosjekta før dei vart lanserte.*





**FRAMTIDS-  
AMBASSADØRANE**

Foto: 4H Norge

**FRAMTIDS-  
KLUBB**



Foto: 4H Agder



4H-arane set saman sine egne 4H-prosjekt av ulike oppdrag, som har varierende omfang og vanskegrad.



Foto: 4H Norge

**PROSJEKT-  
GRUPPA**



Økonomistyring er ein obligatorisk del av prosjekta for juniorane og seniorane. Kor mykje pengar er brukte? Kva er dei brukte til? Samsvarer dette med det som var planlagt?



*4H skal vere synlegare i mediebialetet.*

## Synlegare

### Kommunikasjonsstrategi

Det førebelse arbeidet med kommunikasjonsstrategien vart sluttført, og lagt fram for innspel til landsstyret våren 2020. Grunna koronapandemien var planen å vedta strategien på hausten, men då òg dette landsstyremøtet vart digitalt, og vi ikkje kunne møtast fysisk og få ein ynskjeleg god prosess, vart endeleg vedtak utsett til 2021.

Arbeidsgruppa som jobbar med kommunikasjonsstrategien hadde ingen fysiske samlingar i 2020, men jobba digitalt med å inkludera innspela frå landsstyremøtet.

### Profileringsutval

Vi skal vere synlege, og 4H-arane er dei beste ambassadørane for å vise fram 4H. I Facebook-gruppa «Profileringsgjengen i 4H», gjev medlemmane innspel til kva slags kule 4H-produkt og premiar, som skal produserast. Målet er at fleirtalet av medlemmane skal vere i medlemsalder (opptil 18 år).

### Ulike synleggjeringskanalar i 4H

4H Norge skal ha oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon i kanalane våre. Vi skal vere aktive og til stades i dei kanalane der hovudmålgruppa vår, born og unge i medlemsalder, er. Målet er å skapa ein tett dialog og dela hendingar knytt til 4H. Dette har vore særskilt viktig i eit år prega av koronapandemien.

### – Medlemsblad

Det nasjonale medlemsbladet AKTIVITET hadde i 2020 to utgåver, med eit opplag på 11 000 pr utgåve. Dette er same tal som i 2019, og altså inga endring i opplaget.



*4H Norge sitt medlemsblad AKTIVITET hadde to utgåver i 2020. I bladet var det reportasjar, intervju, faste spaltar, organisasjonsstoff og mykje meir om alt det som fann stad i 4H over heile landet.*



## – Nettside

I 2020 var talet på brukarar av 4H Norge si nettside 188 837. Det er ei auke 57,46 % frå året før. Den store auka skuldast at dei digitale prosjekta vart lansert i februar. Også dei andre store auka («Sider pr økt», «Gjennomsnittleg sider besøkt pr økt» og «Gjennomsnittleg besøkstid») sjåast i samanheng med dei nye digitale 4H-prosjekta, samt at klubbane og 4H-arane finn gode verktøy, både på ressursidene og i nedlastingscenteret på nettsidene.

4H.NO	2019	2020	ENDRING
Tal på brukarar	119 926	188 837	57,46 %
Tal nye brukarar	112 703	117 242	4,03 %
Gjennomsnittleg sider besøkt pr økt	3,65	4,89	33,97 %
Gjennomsnittleg besøkstid	3 min 2 sek	3 min 42 sek	21,98 %

Kjelde: Google Analytics

## – Facebook

Facebook blir brukt aktivt til deling av nyheiter, informasjon om arrangement, kurs, fristar og meir til. Det har vore ei auke i talet på både likarklikk og følgjarar.

FB	2019	2020	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Totalt tal følgjarar	7 666	8 074	408	5,32 %
Likarklikk	7 809	8 155	346	4,43 %


Kjelde: Facebook

## ØKNING I ANTAL INSTAGRAMFØLGJERE

# 10 %

## Instagram

Gode visuelle videoar/bilete og korte tekstar skal bidra til at følgjarane skal komma på innsida og få ei kjensle av kva 4H er. Tal følgjarar Instagram pr. 31.12.2020: 3 050. Det er 325 fleire følgjarar enn året før, som er ei auke på 10,91%.



På Instagram fekk følgjarane mellom anna informasjon om dei nasjonale digitale klubbkveldane og andre 4H-aktivitetar som var relevant for medlemmane.

## – Informasjon til klubbane

Klubb-service er eit elektronisk informasjonsskriv som blir sendt til alle 4H-klubbar. Sjølv skrive inneheld relevant informasjon, som gjer det enklare for klubbane å skape lokal aktivitet. Det vart sendt to utgåver av Klubb-service i 2020 – ein på våren og ein på hausten.

## – Presseoppslag

Totalt var det 895 treff/presseklipp på 4H Norge sin profil på medieovervakingstenesta til Infomedia i 2020. Av desse omhandla 232 4H og korona, medan 70 omhandla haustfestar. Talet på presseklipp er betydeleg lågare i 2020, enn året før. Sannsynleg årsak til færre presseklipp, er at det var færre arrangement og mindre aktivitet under pandemien, enn det er i eit normalår i 4H.

# Nasjonale prosjekt/ Friluftsliv

I 2020 vart det gjennomført ein rekke tiltak som fremma friluftslivet i 4H.

*For å bidra til lokal aktivitet vart heftet «Turmiks»\* – eit knippe med oppskriftskort, aktivitetskort og kunnskapskort – sendt til alle 4H-klubbane for å skape lokal aktivitet.*

## Turmiks

Målet for det nasjonale friluftsprosjektet Oppdag!, var å skape aktive nærmiljø. Eit av tiltaka var å gjennomføre ideverkstad utemat, og gjennom desse, samle inn bilete og oppskrifter til ei aktivitetsbok. Resultatet vart «Turmiks», eit knippe med oppskriftskort, aktivitetskort og kunnskapskort, som vart sendt til alle 4H-klubbar. Turmiks skal bidra til å skape aktive nærmiljø i og rundt 4H-klubbane.

## Leik og lær i naturen

Målet med prosjektet var å inspirere born og unge til å bruke av naturen i nærområdet. Dei viktigaste tiltaka var:



## 1. Aktivitetshefte for kløvermedlemmar

«Bli kjent med skogen»-heftet inneheld lågterskelaktivitetar, og vart sendt til alle kløvermedlemmar (born i alderen 4–9 år).

*«Bli kjent med skogen» vart godt motteke av våre yngste medlemmar og deira føresette. ►*



Foto: Emma Bodman

## 2. Friluftsliv for alumnar

Under aktivitetshelga til Norske 4H-alumnar vart det gjennomført RIB-tur med havørnsafari og middag på steinaldervis i ein gamle ved Saltstraumen i Bodø. Det var også ideverkstad om korleis friluftsliv kan bli ein meir aktiv del av alumnane sin kvardag.

*Alumnane var spente og full av forventning før dei drog ut på RIB-turen. ►*



Foto: Monika Swigon

## 3. Aktivitetsdagar

Gjennom lokale aktivitetsdagar har 4H-klubbar, 4H-fylke og 4H-gardar stått for friluftsliv og læring i heile landet med varierte aktivitetar.

Til saman vart det gjennomført 52 arrangement rundt om i Noreg, med til saman 2 429 deltakarar. Det vart brukt om lag 1 500 dugnadstimar.

Prosjektet er støtta med prosjekt-middel frå Kulturdepartementet og Miljødirektoratet.



Foto: Rjupa 4H

*Rjupa 4H besøkte ein klatrepark og fekk utfolde seg mellom trea, på sin luftige aktivitetsdag. ▲*



*Ein føler seg heilt konge, og smiler som ein konge, når ein får vera med på 4H-aktivitet med Bjerke 4H og i tillegg får ligga i ei eige hengekøye.*

# Digital audiens og beskyttarskap



Foto: Det kongelige hoff

- ▲ Den digitale audiensen gav ein enorm inspirasjon og motivasjon til å jobbe vidare med viktige tema i 4H, sa styreleiar Siri Myhre etter møtet med H.K.H. Kronprins Haakon. Styreleiar Siri Myhre, styremedlem Martin Holmen og vikarierende generalsekretær Randi Versto Kaasa var med på den digitale audiensen med Kronprinsen.

## Digital audiens med H.K.H. Kronprinsen

I juni var 4H Norge på digital audiens hjå vår høge beskyttar, H.K.H. Kronprins Haakon. Viktige tema vart teke opp, mellom anna likeverd og inkludering. I 4H er det rom for alle, uansett alder, interesser og kor du kjem frå. Kronprinsen hadde forstått at inkludering og likeverd ligg i 4H sitt DNA, og påpeikte kor flinke 4H er til å jobbe med det å være saman om ulikheit.

Styreleiar Siri Myhre, styremedlem Martin Holmen og vikarierende generalsekretær Randi Versto Kaasa var med på den digitale audiensen.

4H var fyrst invitert til audiens på slottet, men grunna koronapandemien vart det i staden ein digital audiens – helt i tråd med tida vi var inne i.

## Forlenga beskyttarskap

4H Norge fekk i 2020 den gledelege nyheita frå Det kongelige hoff, om at H.K.H. Kronprins Haakon forlengjer sitt beskyttarskap for 4H fram til 2025. Dette er ei stor anerkjenning for det viktige arbeidet 4H gjer for born og unge over heile landet.

# Korona – annleisåret!

12. mars 2020 vart Noreg stengt ned grunna koronapandemien. Nedstenginga prega også 4H. Planlagde aktivitetar og arrangement vart avlyst. På eit ekstraordinært landsstyremøte på våren vart det vedteke å stengje ned all 4H-aktivitet gjennom sommaren. Det betydde også at den planlagde landsleiren i Bodø, som venta å samle over 1000 4H-arar, ikkje kunne gjennomførast. All internasjonal aktivitet som utveksling, kurs og andre aktivitetar vart avlyst – ut året.

Pandemien vart langvarig, og 2020 vart prega av redusert aktivitet og avlyste arrangement. Det vart likevel gjort eit omfattande arbeid i å leggje til rette og finne andre aktivitetar, som medlemmane kunne ha nytte og glede av. Målet var å skape samhald i ein kvardag som var prega av sosial distanse. På Facebook vart det arrangert nasjonale klubbkveldar og aktivitetstips vart delt i sosiale media. Ein del møter og kurs, som til dømes instruktørkurs, fylkesstyreopplæring, landsstyremøte og sentralstyremøte, som ikkje kunne gjennomførast fysisk, vart gjennomført digitalt. Særs godt smittevern og lågare smittetal på hausten gjorde det mogleg å gjennomføre landsmøtet fysisk.

Gjennom året var det viktig for 4H Norge å følgje nasjonale myndigheiter sine råd og anbefalingar. Det vart gjort eit omfattande arbeid for å informere klubbar, fylkeslag og 4H-gardar, om reglar og anbefalingar som var for aktuelle for 4H.

Klubbar og fylkesledd fekk naudsynete verktøy for å kunne gjennomføre spesifikk 4H-aktivitet på koronaforsvarleg måte.

Det vart lyst ut kroner 300 000,- som fylkeslaga kunne søke på for å skape lokal aktivitet med mål om å behalde medlemmar. Midlane tildelast og prosjekta gjennomførast påfølgande år.

Også 4H Gambia vart råka av pandemien. 4H Norge starta ein innsamlingsaksjon kor midlane gjekk til såpe, vasskanner og anna smittevernustyr til landsbyane i Gambia.

Handteringa av korona kravde nytenking som mellom anna resulterte i kreative løysingar og digitalisering av kurs og arrangement. Med 4H-aranes klare hovud,

## Nasjonale klubbkveldar:

- Gardsbesøk på Voll 4H-gård
- Origami (papirbretting)
- Korttriks
- Kjøkkenfysikk; vassmølle
- Internasjonal quiz
- Vennskapsband

## Aktivitetstips:

- Musikk av natur
- Lag egne kolstiftar
- Skriv klubben di si fantastiske historie
- Lag fine karsefigurar
- Spikk ein kul sau
- Lag vaflar
- Løvetannjakt
- Sjokoladecake i appelsin på bål
- Turbingo
- Tapping av sevjesaft
- Orre- eller tiurleik
- Barkebat
- Land Art

## Påskekoz:

- Quiz med Erik Førde
- Bingo med Martin og Stefan

varme hjarter, flinke hender og haldningsskapande arbeid for å sikre god helse er 4H kome vel i hamn, så langt i pandemien.



▲ Vennsksapsband.



Origami. ▲

### DIGITALE NASJONALE KLUBBKVELDAR

*På dei digitale nasjonale klubbkveldane kunne 4H-arane mellom anna lære å lage vennsksapsband, origami, korttriks og vere med på kjøkenfysikk.*



▲ Kjøkenfysikk.



Korttriks. ▲

*4H-lovnaden: Vi lovar å arbeide mot det mål  
å bli ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte,  
flinke Hender og god Helse.*

# Organisasjonsbygging

## Mat og naturbruk

### Rekruttering

4H Norge har mykje godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane innan naturbruk, både fagskular og høgskular, over heile landet. Nokre tilsette har kontor plassane sine der, og det vert arrangert leirar og kurs på desse institusjonane. 4H informerer om utdanningstilbod i land- og skogbruk.

I alt 49 kurs med tema naturbruk, mat og dyr, vart gjennomført rundt i fylka – med til saman 397 deltakarar. I klubbane har heile 2 125 born og unge vore på gardsbesøk.

### Samarbeidspartnarar

4H-klubbane, 4H-gardane, 4H i fylka og nasjonalt samarbeider med fleire aktørar innan naturbruk og friluftsliv, faglag i landbruket, landbruks-samvirket, naturbruksskulane, statsforvaltaren og fylkeskommune, kommunale landbrukskontor, landbruksselskap, friluftsråd, Forum for natur og friluftsliv, miljøorganisasjonar, studieforbund, universitet, museum, fiskarlag, kystlag, husflidslag, sogelag, vikinglag, hagelag og andre lokale lag og organisasjonar.

### Unge kokker

4H Norge samarbeidde med Unge kokker om prosjekt «Smart mat for ungdom på fritida». Gjennom prosjektet lærer 4H-arane kreativ, spennande og sunn matlaging. Det vart utdanna såkalla matambassadørar, som held matkurs i klubben eller på arrangement i fylket. Målet med prosjektet er å bidra til sunt kosthald og god helse blant born og unge.



Foto: 4H Buskerud

▲  
4H-ere frå ulike klubbar i 4H Buskerud deltok på matkurs på Fram-Sønju 4H-gard, der temaet var Naturens skattekamer. Deltakarane lærte å fiske, plukke bær, sopp og nyttevekstar som dei laga herlege matretter av.





Foto: Furustrand 4H

Furustrand 4H har ei eiga kløvergruppe som har samlingar på Valstrans 4H-gård. Der har dei samlingar der dei koser med dyra på garden, besøker gapahuken, leikar i skogen og har det gøy saman.

## 4H-gardsaktivitetar og samarbeid

4H har 50 godkjende 4H-gardar og -setrar. Grunna nedstenging og restriksjonar i samband med koronasituasjonen har bruken av 4H-gardane vorte sterkt redusert i 2020. Nokre av gardane har likevel hatt opne for mindre grupper når det har vore forsvarleg. 4H-gardane og -setrane er til vanleg lærerike og sosiale pedagogiske arenaer for born, vaksne og ulike brukargrupper. Gardane tilbyr eit stort mangfald av aktivitetar som læringsarena for skule- og bornehageverket, arena for fritidsklubbar, open gard, SFO, kafédrift, ferieaktivitetar, turisme mm. Gardane arbeider etter 4H sine verdiar og legg vekt på læring ved å gjere, inkludering og integrering. Alle besøka på 4H-gardane tyder at det er svært mange som får kunnskap om dyrestell og dyrking gjennom aktivitetar på dag- og kveldstid og i ferietida. Alle 4H-gardane er med i 4H-gard Norge, som tilbyr nettverk, kurs, seminar og internasjonalt samarbeid.

## Internasjonalt samarbeid

4H-gard Norge innehar leiarvervet i European Federation of City Farms (EFCF). EFCF er et nettverk

for besøksgardar og 4H-gardar som legg til rette for involvering av born, ungdom og vaksne. Årleg arrangerast det seminar og samlingar for både ungdom og vaksne. Dessverre vart alle samlingane i 2020 avlyst grunna Covid-19.

## Den naturlege skulesekken


4H Norge deltar i Den naturlege skulesekken, saman med Hauger 4H-gard. Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av skulen sitt nærmiljø i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. 4H deltar på grunnskulenivå, 1.– 7. klasse.

## Den grønne skulen

dengronneskolen.no er ei gratis ressurside med aktivitetar og pedagogisk opplegg innan naturbruk, landbruk, og friluftsliv.

Nettsida er i hovudsak retta mot lærarar og andre som ønskjer å gjennomføre pedagogiske aktivitetar for born og unge, men ho inneheld òg mykje nyttig og bra innhald for frivillige organisasjonar og pedagogiske aktivitetar som vil eigna seg godt på ein 4H-gard.

Den grønne skulen er eit resultat av eit samarbeid mellom Noregs Bondelag og 4H Norge.



dengronneskolen.no er ei gratis ressurside med aktivitetar og pedagogisk opplegg innan naturbruk, landbruk, og friluftsliv.

# Organisasjon

## Instruktøropplæring

Det årlege nasjonale instruktørkursset kvalifiserer deltakarane til å halde kurs i fylka. Instruktøropplæringa er sett saman av to helger, i tillegg til praksis i eige fylke. I 2020 kunne deltakarane verta instruktørar anten i styreverv eller friluftsliv. Det er Instruktørkursutvalet (IKU), som består av erfarne 4H-arar, som har ansvaret for fagleg innhald, planlegging og praktisk gjennomføring av kurset.



Foto: Beate Patay

Nærare 4000 gutter og jenter hadde styreverv i klubbane i 2020.

I 2020 var det ikkje mogleg å arrangera fysiske kurs. IKU arrangerte derfor for første gong digitale og direktesende kurs, både på våren og om hausten. Nye og interaktive løysingar sikra at kurset fungerte godt, sjølv om deltakarane deltok på avstand.

Trass omstende i samfunnet vart 48 nye instruktørar utdanna i mars, medan 30 nye instruktørar starta opplæringa i november.

## Anna kursverksemd.

4H er medlem av Studieforbundet natur og miljø. I 2020 vart det totalt – mellom lokale klubbar, fylkeslag og sentralleddet – halde 127 kurs, som fekk stønad frå Studieforbundet.

Til saman hadde desse kursa 1 367 deltakarar, utgjorde 1 829 kurstimar og gav kr 182 900 i tilskot. 4 597 dugnadstimar vart lagt ned for å gjennomføre kursa.

## DELTAKARAR PÅ KURS SOM FEKK STØNAD

# 1 367

## KURS MED STØTTE FRÅ STUDIEFORBUNDET NATUR OG MILJØ

MEDLEMSORGANISASJON	GJ.FØRTE KURS	TIMAR	DELTAKARAR	TILSKOT	DUGNADSTIMAR
4H Norge	127	1 829	1 367	kr 182 900	4 597

## AMATØRTEATER OG UNDERHALDNING

SPELETID	TAL PRODUKSJONAR	TAL FREMFØRINGAR	TAL SKODESPELARAR	TAL PUBLIKUM, CA
Under 20 minuttar	118	117	726	3 827
Mellom 20–60 minuttar	43	48	508	2 170
Over 60 minuttar	15	34	157	815
<b>Summar</b>	<b>176</b>	<b>199</b>	<b>1 391</b>	<b>6 812</b>



Foto: 4H Norge

Det digitale instruktørkursert vart ein stor suksess, der det vart lagt til rette for mange interaktive øvingar. Alle deltakarane fekk godkjent del 1 av kurset. Instruktørutvalet bidrog til ei vellykka gjennomføring av det digitale kurset.

### Volleyball/Landkreditt cup

Volleyball er 4H-idretten. 4H arrangerer volleyballcup på leirar og kurs, i tillegg til at mange klubbar har volleyballaktivitet på sine medlemsmøte. I 2020 vart aktiviteten betydeleg redusert grunna korona. Leirar og store samlingar vart avlyste.

Landkreditt Bank held fram som sponsor for volleyballcupane i 4H.

VOLLEYBALL 2020	
Volleyballtreningar	506
4H-arar som tok del på trening	2 731
Turneringar o.l. som klubben har vore på	46
4H-arar som var på turneringar	652

### 4H-klubbar

4H Norge hadde 506 aktive klubbar fordelt på 16 fylkeslag i 2020. Til saman sit det 3 094 born og unge i klubbstyra og driv 4H-klubbane over heile landet. Det vart gjennomført 93 kurs i demokratiopplæring, ein del av dei vart gjennomført digitalt, grunna korona. Nokre fylke samarbeider, slik at alle klubbane får eit tilbod om å delta på styrevervopplæringa.

Kursa gjev tillitsvalde i 4H-klubbane opplæring i styrearbeid. Til saman 1 201 4H-arar deltok på styrevervkurs og anna demokratiopplæring.

STYREVERV I 4H-KLUBBANE			
VERV	JENTE/ KVINNE	GUT/ MANN	
Leiar	326	189	515
Nestleiar	250	220	470
Kasserar	268	217	485
Sekretær	378	113	491
Styremedlem	516	437	953
Varamedlem	106	74	180
<b>Totalsum</b>	<b>1 844</b>	<b>1 250</b>	<b>3 094</b>

## Under open himmel

Arrangementet «Under open himmel» vart markert for 10. år på rad, i samband med 4H-dagen 4. mai. Dei fleste sov ute natta 2.–3. mai. Etter fleire veker med heimeskule og mykje stillesitjing, tok 4H-arane friluftslivet tilbake. Grunna korona måtte dei sove saman under ein himmel, men kvar for seg.

I anledning «Under open himmel» fekk vi fleire presseoppslag og generalsekretær vart intervjuet på direkten i programmet Opptur på NRK P1.

*Bøler 4H er ein aktiv klubb i Oslo. Medlemmane liker å være ute og gjere ulike aktivitetar. Mat på bål under open himmel var ekstra stas.*



## STYREVERV I 4H-KLUBBANE

	JENTE	GUT
Leiar	63 %	37 %
Nestleiar	53 %	47 %
Kasserar	55 %	45 %
Sekretær	77 %	23 %
Styremedlem	54 %	46 %
Varamedlem	59 %	41 %
Totalt tal styremedlemmar	1 844	1 250
<b>Prosentvis fordeling kjønn</b>	<b>60 %</b>	<b>40 %</b>

LEIRAR	TAL	DELTAKARAR
Aspirantleir	0	Avlyst grunna Covid-19
Fylkesleir	0	Avlyst grunna Covid-19
Nordisk leir	0	Avlyst grunna Covid-19
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	



DIVERSE ARRANGEMENT I KLUBBANE	AKTIVITETAR	DELTAKARAR
Friluftslivsaktivitetar	1 229	14 496
Landbruksaktivitetar	116	1 272
4H-gard eller gardsbesøk	120	2 125
Kyst- og sjøaktivitetar	160	2 088
Matlagingsaktivitetar	487	5 368
Andre aktivitetar	1 125	14 413
<b>Sum aktivitetar i klubbar</b>	<b>3 237</b>	<b>39 762</b>

MØTER I 4H-KLUBBANE		
TAL STYREMØTE	TAL KLUBBMØTE	TAL GRUPPEMØTE
2 056	2 993	593

KLUBBAR, 4H-GARDAR OG -SETRAR						
FYLKE	4H-KLUBBAR 2019		4H-KLUBBAR 2020		4H-GARDAR OG -SETRAR	
	TELJANDE KLUBBAR	TOTALT	TELJANDE KLUBBAR	TOTALT	2019	2020
4H Østfold	29	29	28	29	5	5
4H Akershus og Oslo	21	22	22	24	2	4
4H Hedmark	30	30	30	30	2	2
4H Oppland	23	25	20	22	2	2
4H Buskerud	29	29	29	29	2	2
4H Vestfold	20	21	19	21	2	2
4H Telemark	16	20	15	17	1	1
4H Agder	21	23	20	23	2	2
4H Rogaland	36	36	35	36	1	1
4H Hordaland	36	38	35	35	1	1
4H Sogn og Fjordane	67	69	63	67	6	6
4H Møre og Romsdal	31	35	34	36	2	2
4H Trøndelag	88	97	83	94	7	7
4H Nordland	18	25	18	22	7	7
4H Troms	12	16	10	13	4	4
4H Finnmark	4	7	3	7	3	2
4H Norge	1	1	1	1		
<b>Sum</b>	<b>482</b>	<b>523</b>	<b>465</b>	<b>506</b>	<b>49</b>	<b>50</b>



- ◀ *Musikkinteresserte Lars Hetlesæter frå Rommetveit 4H drøymde om ein veldig spesiell gitar, men den var for dyr. Løysinga vart å bygga sine eigen elgitar.*

## Klubbrådgivarar

I 2020 hadde 4H 1601 klubbrådgivarar, vaksne frivillige, som har som oppgåve å støtte og rettleie klubbane, og spesielt klubbstyra, i deira arbeid. Det vart gjennomført nokre digitale klubbrådgivar-samlingar der dei vaksne fekk opplæring, inspirasjon og høve til å utveksle erfaringar og tankar om aktivitetar i koronatid.

KURS		
KURS TYPE	TAL	DELTAKARAR
Demokratiopplæring	93	1 201
Friluftsliv	25	210
Klubbrådgivarsamling	8	254
Kultur	34	205
Leiar og instruktør på kurs	18	147
Mat og helse	14	115
Natur og landbruk, seter- og sommerkurs	35	282
Samfunn	2	11
Storkurs	7	111
Synlighet	6	67
Trivselsagentsamling	12	111
Utveksling	1	11
Volleyball og anna sport	13	166
<b>Sum total</b>	<b>268</b>	<b>2 891</b>

## Fylka

Det har vore eit år med mange utsette og avlyste arrangement grunna koronapandemien, noko som har medført at fleire av fylkesårsmøta i de 16 4H-fylka vart gjennomført digitalt.

Styrevervopplæringa føregjekk digitalt på fleire stader med gode resultat. Det same gjorde fylkesstyreopplæringa for alle fylka.

Fylkesleiarar vart utsette eller avlyste, men fleire kreative klubbar og fylker har samla seg i små grupper lokalt eller gjennomført alternativ til leir. Eksempel på dette er Leir i konvolutt, ei digital leiroppløving, arrangert i 4H-fylka Østfold, Vestfold, Telemark og Buskerud.

Lokalt i klubbane har det vore størst aktivitet ute i friluft.

KLUBBRÅDGIVARAR PR FYLKE	
FYLKE	TOTALT
4H Østfold	90
4H Akershus og Oslo	68
4H Hedmark	84
4H Oppland	64
4H Buskerud	97
4H Vestfold	74
4H Telemark	40
4H Agder	67
4H Rogaland	169
4H Hordaland	130
4H Sogn og Fjordane	206
4H Møre og Romsdal	127
4H Trøndelag	264
4H Nordland	42
4H Troms	49
4H Finnmark	30
<b>Totalsum</b>	<b>1 601</b>

## FYLKESSTYRELEIARAR

4H Agder:	Tom Ivar Olsen
4H Akershus og Oslo:	Jan Helge Maurtvedt
4H Buskerud:	Hege Pyntari
4H Finnmark:	Mona Danielsen
4H Hedmark:	Mari Gjeldaker Bådshaug
4H Hordaland:	Synne Røthe Sandal
4H Møre og Romsdal:	Berit Fredriksen
4H Nordland:	Grete Nytrøen Kvavik
4H Oppland:	Synnøve Bratvold
4H Rogaland:	Mari Aksdal Hermansen
4H Sogn og Fjordane:	Eirik Hortemo Vikøren
4H Telemark:	Helge Nærum
4H Troms:	Jørgen Juul Thomassen
4H Trøndelag:	Trine Haug
4H Vestfold:	Mariann Hegg
4H Østfold:	Nina Bredesen Granum

## Kretsar

4H Norge sitt sekretariat er delt inn i fire kretsar. Tilsette i kvar krets blir leia av ein regionkoordinator. Kretsane består av desse 4H-fylka:

**Nord:** Finnmark, Troms og Nordland.

**Midt:** Trøndelag, Oppland og Hedmark.

**Aust-Sør:** Akershus og Oslo, Østfold, Vestfold, Telemark, Buskerud og Agder.

**Vest:** Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

## Landsstyret

Landsstyret består av fylkesstyreleiarane, sentralstyret og representantar frå Norske 4H-alumnar (N4HA) og 4H-gard Norge. Dei diskuterer overordna saker som har særleg vekt på fylka eller saker der fylka har viktige synspunkt.

I 2020 har landsstyret hatt eit ordinært møte og eit ekstraordinært møte, begge vart avvikla digitalt på Teams. På begge møta var det orientering og oppdatering om koronasituasjonen og korleis det påverkar organisasjonen og spesielt klubbane og medlemmane. God dialog og informasjonsflyt var særst viktig i denne perioden med pandemi.

## Arrangement

Grunna koronapandemien har det vore få arrangement på lands- og fylkesplan. Fylkesleirane vart utsette og avlyste. Store fylkeskurs vart avlyste, nesten alle nasjonale møter og arrangement vart avlyste, i tillegg vart alle internasjonale kurs og utvekslingar avlyst.

Landsleiren i Bodø vart dessverre også avlyst.

## Sentralstyret

Sentralstyret har hatt elleve styremøter i 2020. Dei har handsama omlag 40 løpande saker. Kvart 4H-fylke har hatt ein fast «ansvarssentralist» som dei har hatt kontakt med gjennom året. Denne kontakten har vore viktig i dette krevjande året, og har sytt for viktig kommunikasjon frå fylka inn i styret, og frå styret og ut i fylka.

Sentralstyret og landsstyret har halde fram med å jobbe i arbeidsgrupper. I 2020 har vi hatt arbeidsgrupper på følgjande tema: vegen til plaketten, kommunikasjonsstrategi, digital prosjektplattform, avvikssystem og profileringsgruppa. Vi har også hatt eit økonomiutval og ei styringsgruppe for Gambia-samarbeidet.

## Norske 4H-alumnar (N4HA)

Silje-Merethe Wold vart valt til leiar for Norske 4H-alumnar på deira digitale årsmøte 11. juli. N4HA har gjennomført arrangement som aktivitetshelg og styreboost. Vaksenleiar kurset vart avlyst grunna koronapandemien.

Pr. 31. desember 2020 var det 16 alumklubbar. Alle fylkeslag har ein alumklubb, med unntak 4H Finnmark, som ikkje har ein aktiv alumklubb. 4H Trøndelag har to alumklubbar.

Totalt var det 897 alummedlemmar ved utgangen av 2020, noko som er ein oppgang på omlag 8,5 prosent.





▲  
Morosamt med motorsag. I 4H er lære ved å gjere. Didrik Mørken (15) diggar å fella store trær. Med motorsag som 4H-prosjekt lærte han alt frå vedlikehald til vindfall og effektiv kvisting.

# Landsmøte 2020

Alle foto: Beate Patay



◀ Oda Ulvik frå 4H Trøndelag og alle dei andre landsmøtedelegatane passa godt på å sprita både hender, talarstol og mikrofon.



▲ Smittevern var i fokus, og smittevernsregler var sentralt plassert rundt omkring.



Det var eit stort engasjement og mange gode debatter under landsmøtet.



Nyvalt sentralstyre: F.v. Siri Myhre, (leiar, 4H Vestfold), Turi Elise Kaus (tilsettere representant), Astrid Wehn (3. vara, 4H Trøndelag), Jens Håkon Birkeland (styremedlem, 4H Hordaland), Torgeir Timenes Bell (1. vara, 4H Sogn og Fjordane), Helle Hartz (styremedlem, 4H Buskerud), Raymond Kirknes (2. vara, 4H Agder) og Martin Holmen (styremedlem, 4H Hedmark).



▲ Medraderett. På landsmøtet vart det fatta mange viktige vedtak som skal gi ein god og stødig retning for 4H i neste periode. Anders Stedding Kristiansen og Mariann Hegg representerte 4H Vestfold.

◀ Det var eit stort engasjement på landsmøtet – både under debattane og i pausane. Og ein treff nye 4H-vener på tvers av fylkesgrensene.



*4H er ein verdsumfattande organisasjon, og 4H Norge er ein del av denne spennande verda. Det finst mange internasjonale tilhøve for 4H-arar.*

# Internasjonalt

Grunna koronapandemien vart dei internasjonale arrangementa og all utvekslingsaktivitet avlyst i 2020.

## International 4H Youth Exchange (IFYE)

4H Norge hadde i 2020 samarbeidsavtale om IFYE-utveksling med Taiwan, Tasmania, Australia, USA, delstatane Montana og Colorado, Tyskland, Austerrike, Sveits, Estland, Skottland og Nord-Irland.

Åtte av elleve utreisande IFYE-arar deltok på utreisekurs i starten av mars, men grunna koronapandemien kunne ingen av dei elleve norske deltakarane reise på utveksling, og ingen frå utlandet kunne komme til Noreg.

**11**  
SKULLE PÅ  
UTVEKSLING

## Norske IFYE alumnar (NIFYEA)

Som ein del av 4H sine nasjonale, digitale klubbkveldar, inviterte NIFYEA til quiz-kveld med spørsmål om 4H Norge sine internasjonale aktivitetar. NIFYEA rakk å arrangere utreisekurs for dei som skulle på utveksling innan pandemien var eit faktum.

## DELTAKARAR PÅ UTREISEKURS:

**8**

## States' 4-H International

Sidan 80-talet har 4H Norge og States' 4-H International samarbeidd om ei utveksling for dei mellom 15 og 18 år. I 2020 skulle 22 amerikanarar komme til Noreg. Dette vart avlyst grunna pandemien. States' 4-H International er ei eiga avdeling som arbeidar med 4H-utveksling.

Anna aktivitet med States' 4-H International:

- Brevven: norske 4H-arar var inviterte til å få ein amerikansk brevvenn sommaren 2020.
- National Virtual Fall Conference

4H Norge var invitert til States' 4H sin digitale haustkonferanse for frivillige og 4H-tilsette over heile landet. Her presenterte vi Noreg, 4H Norge og kva amerikansk ungdom kan oppleve på utveksling i landet vårt.



Norske IFYE-alumnar og 4H Norge arrangerte digital quiz med internasjonalt snitt. Quizen var ei sosial stund med Kahoot om 4H sine internasjonale engasjement.

## Vertsfamiliar

Grunna pandemien har det ikkje vore vertsfamiliar i 2020.

## Rural Youth Europe (RYEurope)

RYE er eit europeisk samarbeidsorgan mellom organisasjonar for bygdeungdom i Europa. 4H Norge har grunna pandemien ikkje hatt deltakarar på kursa. Årsmøtet i RYE som vanlegvis har vore haldne under Rally, vart halde digitalt.



## Global 4H Network

Global 4H Network er eit nettverk som famnar om alle 4H-land i verda. Kvar verdsdel har to representantar i styret. I nettverket er det helst generalsekretærar som møtast. Den europeiske greina hadde eit digitalt møte i desember 2020.

## DELTA-KAR PÅ DIGITALT MØTE:

# 1

*Innsamlingskampanjen «Såpe og vasskanner til 4H Gambia» gjorde at 65 4H-klubbar og 16 borneskular med 4H-aktivitet fekk overlevert sine remediar (såpe og vasskanner) – eit tiltak mot korona. 4H Norge takka givarane for den livsviktige støtta.*

## 4H Gambia

4H Gambia veks kvart år og talde ved årsskiftet vel 12 000 medlemmar, fordelt på 70 4H-klubbar og 16 borneskular.

Frå mars vart også Gambia stengd ned grunna koronapandemien. Skular, marknader og butikkar var stengde til juli. Det var òg restriksjonar på sosial distansering og krav om munnbind på offentleg stad. 4H Gambia har, trass dette, halde eit relativt godt aktivitetsnivå med skulehagar, skogplanting og kurs i birøkting og hagebruk. Ni 4H-klubbar har hatt eigen grønsakhage og 23 4H-klubbar hadde jordbruksaktivitetar som peanøtt- eller korndyrking.

4H Norge sin planlagde studietur til 4H Gambia og det årlege prosjektoppfølgingsbesøket vart avlyst grunna korona.

4H Norge hadde ein innsamlingsaksjon for å kjøpe såpe og vasskanner til 4H-klubbar og skular i Gambia. Midlane rakk også til å kjøpe munnbind som 4H-instruktørane brukte når dei vitja 4H-klubbane. 4H Gambia var særst takksame, og har også fått ros frå styresmaktene for sin innsats mot korona.



Foto: Musa Trym Chaw



*Heimekontor og møter over Teams har prega tilsette sin arbeidskvardag i 2020.*

# Administrasjon

## Sekretariatet

2020 var eit krevjande år for sekretariatet med nye oppgåver, nye verkty, mykje heimekontor og lite fysiske møter med både kollegaer og 4H-arar. Dei tilsette har stått på og lært seg nye måtar å jobbe på, vore kreative og laga nye møteplassar for 4H-arane og tilrettelagt for smittevernvennlege aktivitetar.

4H hadde i alt 34,3 årsverk ved utgangen av året. Av disse er 19,5 årsverk finansiert gjennom fylka sine budsjett. Åtte tilsette er tilknytt 4H Norge sitt sentrale kontor i Oslo, resten er fordelt på om lag 16 kontora rundt i fylka.

Grunna korona og av omsyn til smittevern har dei tilsette i stor grad sete på heimekontor, i tråd med dei helsefaglege tilrådingane.

Nokre tillitsverv i 4H er også tilkjent ein viss økonomisk kompensasjon.

Signe Lindbråten er generalsekretær i 4H Norge, i perioden juni og ut året var Randi Versto Kaasa vikarierende generalsekretær.

## Økonomi

4H har ein stabil økonomi med ein god eigenkapital, som gjev fridom til å kunne prioritere og satse på større prosjekt, som til dømes den digitale prosjekt-plattform, sjølv om framtida kan vere usikker med tanke på langtidskonsekvensane av pandemien.

Vi har også jobba målretta for å kunne frigjere midlar sentralt for å kanalisere dei ut til fylka. I 2020 fekk alle 4H-fylka, i tillegg til dei midlane dei vanlegvis får overført av 4H Norge, kr 100.000 til bruk på tilsetteressursar. Dette gav ein tryggleik til fylka og gjorde at fleire fylke kunne auke stillingsprosenten til organisasjonsrådgivaren.

Årsresultatet for 2020 vart eit overskot på kroner 125 290,-.

*Medlemmane i Rotneim 4H kosa seg når dei kunne sove ute i telt. Friluftsliv er blant dei mest populære 4H-prosjekta. Det blei gjennomført 25 kurs med tema friluftsliv og over 200 deltakarar i 2020.*





**4h.no**